

Storveis konsertoppleving!!

05.12.2016



Tre damer som hadde god grunn til å vera fornøgde etter konserten i kveld: Kristine(f.v), Eva og Runa.

Rundt eit halvt hundre publikummarar fekk ei super konsertoppleving då Eva Megyesi arrangerte sin femte kyrkjekonsert dette halvåret. I kveld skjedde det i Valen kyrkje. Eva sitt orgelspel er alltid ein sikker vinnar, og også denne gongen hadde ho med seg dyktige gjester, Kristine Hestad på fløyte og Runa Isene på fiolin.



Runa Isene er ein fiolinist på imponerende nivå.

Kristine Hestad er ein flink fløytist som eg har hatt gleden av å høyre fleire gonger. Også i kveld gjorde ho eit solid inntrykk med gode framføringar. Den andre gjesten høyrdde eg for første gong. Etter å ha googla og undersøkt litt hadde eg store forventningar på førehand, og det slo til til fulle! I Runa Isene som flytta til kommunen for halvtanna år sidan, har Kvinnherad fått ein muskarar på svært høgt nivå! Det var ei stor oppleving å høyra henne, og for underteikna er det mest ufatteleg at vi ikkje har oppdaga ho før. Den dyktige fiolinisten syng sopran i det nystarta kyrkjekoret Nordsang.

Programmet var variert og flott med verk av dei kjende meistarar, mannen til Eva, Pawel Cabala, inkludert, - frå Eva Megyesi starta med ei orgelsonate av Felix Mendelsohn-Bartholdy til ho avslutta med Noel Rawsthorne sin humoristiske og effektfulle Hornpipe Humoresque.

Eg er imponert over Eva Megyesi som konsertarrangør. Rett nok er ho heldig som har eit dyktig trekkplaster i seg sjølv, men ho er ein meister i å knyta til seg stadig nye, lokale muskarar. Og vi har meir i vente!! Alle musikkinteresserte bør setja kryss på kalendaren 16.januar 2017. Då arrangerer ho Nyttårskonsert i Uskedal kyrkje. Då ser vi igjen fram til å oppleva Eva saman med dyktige Runa Isene. I tillegg vert det mykje både nytt og spennande av høg kvalitet. Ho røpa litt av planane til underteikna i kveld. Det skal vi koma tilbake til, men eg seier: GLED DÅKE!!



[Kristine Hestad](#) gledde publikum med vakkert fløytespel.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.